



Jörg Viereck  
Elvavegen 26  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2524 - 18/23586

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
09.11.2018

## Godkjenning - GBNR 23/26 - Søknad om løyve til oppføring av sommerstove - Elvavegen

**Administrativt vedtak. Saknr: 302/2018**

**Tiltakshavar:** Jörg Viereck  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Tiltakshavar har søkt om løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande bustad, i form av sommerstove, på gnr. 23/26, Elvavegen.

Eigedomen er frå før av bebygd med bustad på 212 m<sup>2</sup> bebygd areal (BYA) og bruksareal (BRA) 242 m<sup>2</sup>. Det omsøkte tilbygget er oppgjeve med eit BYA/BRA på 21 m<sup>2</sup>. Samla BYA vert dermed 233 m<sup>2</sup> etter utbygging.

Det vert elles vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 29.10.2018.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje kome merknadar til søknaden.

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av tilbygg til eksisterande bustad er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a), med krav om søknad etter § 20-2. Eit tilbygg på 21 m<sup>2</sup> kan tiltakshavar søkje om på eiga hand, jf. byggjesaksforskrifta (SAK10) § 3-1 bokstav a), jf. pbl § 20-4.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Den omsøkte egedomen er uregulert, men sett av til noverande bustadbebyggelse i kommuneplanen sin arealdel. Oppføring av tilbygg i form av sommerstove er dermed i samsvar med gjeldande arelformål.

Plassering og avstand til nabogrense og veg:

Plassering som omsøkt kjem ikkje i strid med avstandskravet i pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner dermed tiltaket som vist på vedlagte teikningar og situasjonskart.

Visuelle kvaliteter:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar, journalført motteke 29.10.2018. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til oppføring av tilbygg i form av sommerstove til eksisterande bustad på gbnr. 23/26. Grunngeving går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og fasade-, snitt- og planteikningar journalført motteke 29.10.2018.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt og i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
Situasjonskart  
Teikningar

**Mottakarar:**  
Jörg Viereck

Elvavegen 26      5918

FREKHAUG